



## SOGN OG FJORDANE

Dialogmøtet er heimla i rammeavtalen mellom Helse Førde HF og kommunane i Sogn og Fjordane. Deltakarar er styret og adm. direktør i helseføretaket og ein representant frå kommunane/fylkeskommunen primært frå politisk leiing, og i tillegg møter leiaren i rådmannsutvalet i KS. Brukarutvalet skal og vere representert i møtet.

# Referat frå Dialogmøte 18.11.16

Fredag 18. november 2016, Scandic Sunnfjord hotell, kl. 13.00 – 15.00

**Møteleiarar :** Nestleiar i styret i Helse Førde, Agnes Landstad  
Medlem i fylkesstyret i KS, Olve Grotle

<b>Deltakarar frå kommunane/fylkeskommunen:</b>		
<b>Navn:</b>	<b>Organisasjon:</b>	<b>Funksjon:</b>
Jenny Følling	S. og Fj. fylkeskommune	Fylkesordfører
Terje Heggheim	KS Rådmannsutval	Leiar
Olav Turvoll	Vik Kommune	Ordfører
Jan Geir Solheim	Lærdal Kommune	Ordfører
Jarle Aarvoll	Sogndal Kommune	Ordfører
Lars-Svein Drabløs	Eid Kommune	Leiar i helse- og sosialutvalet
Knut Ove Leite	Vågsøy Kommune	Rådmann
Oddmund Klakegg	Jølster Kommune	Ordfører
Norunn Stavø	Flora Kommune	Kommunalsjef
Kurt Even Andersen	Førde Kommune	Kommunalsjef
Magni Aa-Berge	Gloppen Kommune	Varaordfører
Olve Grotle	Førde Kommune	Ordfører
Rigmor Svanberg	Årdal kommune	Kommunalsjef
Nina Yndestad	Fjaler Kommune	Vararordfører
Petter Sortland	Høyanger Kommune	Ordfører
Mathias Råheim	Gaular Kommune	Ordfører
Gunn Å.Mongstad	Solund Kommune	Ordfører
Morten Askvik	Hyllestad kommune	Ordfører

<b>Deltakar frå Felles Brukarutval for kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde HF:</b>		
<b>Navn:</b>	<b>Organisasjon:</b>	<b>Funksjon:</b>
Solfrid Fossberg	Brukarutvalet	Medlem

<b>Deltakar frå Helse Vest RHF:</b>		
<b>Navn:</b>	<b>Organisasjon:</b>	<b>Funksjon:</b>
Dagfinn Hallseth	Helse Vest RHF	Konsulent

**SOGN OG FJORDANE****Deltakarar frå styret i Helse Førde HF:**

<b>Navn:</b>	<b>Organisasjon:</b>	<b>Funksjon:</b>
Agnes Landstad	Styret i Helse Førde HF	Fungerande styreleiar
Wenche K. Røkenes	Styret i Helse Førde HF	Styremedlem
Berit M. J. Hornnes	Styret i Helse Førde HF	Styremedlem
Randi Aven	Styret i Helse Førde HF	Styremedlem
Liv Stave	Styret i Helse Førde HF	Styremedlem
Helge Bryne	Styret i Helse Førde HF	Styremedlem
Geir Berge Øverland	Styret i Helse Førde HF	Styremedlem
Atle Hamar	Styret i Helse Førde HF	Styremedlem
Harry Mowatt	Styret i Helse Førde HF	Styremedlem

**Andre deltakarar frå Helse Førde HF:**

<b>Navn:</b>	<b>Organisasjon:</b>	<b>Funksjon:</b>
Jon Bolstad	Helse Førde HF	Adm. Direktør
Anne Kristin Kleiven	Helse Førde HF	Utviklingsdirektør
Børge Tvedt	Helse Førde HF	Direktør Psykisk helsevern
Terje Ulvedal	Helse Førde HF	Informasjonssjef

**Sekretariat:**

<b>Navn:</b>	<b>Organisasjon:</b>	<b>Funksjon:</b>
Sølvi Olrich Sørebo	KS Vest	Rådgevar
Stig Igland	Helse Førde HF	Samhandlingsjef/Avd. sjef

**Sakliste**

<b>Sak nr.</b>	<b>Tema:</b>	<b>Ansvar:</b>
1.	Innleiing og presentasjon	Agnes Landstad
2.	Helse 2030	Dagfinn Hallseth
3.	Helse Førdes tilbod til psykisk sjuke pasientar ute i kommunane	Norunn Stavø Kurt Even Andersen
4.	Kommunane si plikt i høve øyeblikkeleg hjelp døgntilbod innan psykisk helse og rus	Oddmund Klakegg Børge Tvedt
5.	«Kortnytt» - gjensidig informasjonsutveksling	Partane
6.	Avslutning	Agnes Landstad

Presentasjonane som blei nytta i møtet er samla og ligg ved i eige vedlegg.



## 1. Innleiing og presentasjon

Agnes Landstad, fungerande styreleiar i Helse Førde HF, ønskte velkomen. Det blei gjort greie for dagsorden for dagens møte, og orientert om kva plass dialogmøtet har i den samla samhandlingsstrukturen i Sogn og Fjordane:



## 2. Helse 2030

### Bakgrunn:

*Utviklinga av pasientens helseteneste pregar alle delar av aktiviteten i Helse Vest. Korleis ser helsetenesta på Vestlandet ut 15 år fram i tid? Korleis møter vi framtida med dei beste løysingane?*

*Samhandling med kommunane er svært viktig, og Helse Vest RHF ønsker innspel til korleis ein kan sjå føre seg at dei framtidige utfordringane kan løysast.*

Konsulent Dagfinn Hallseth frå Helse Vest RHF orienterte, reflekterte og inviterte til dialog og meiningsbrytning kring utfordringar og moglege løysingar for framtidias helsetenester med utgangspunkt i følgande hovudpunkt:

- *Bakgrunnsbildet*
- *Helse 2030 – prosjektet*
- *Helse 2030 – innretning*
- *Samhandling – korleis få dette til ?*

Det blir vist til den vedlagde presentasjonen for nærare utdjuing.



### Diskusjon/refleksjon:

- Viktig å freiste å sjå på den heilskaplege strukturen på tvers av forvaltningsnivåa, og spørje kvar og korleis kan vi gje gode tenester ?
- For å kunne møte utfordringane i framtida, må ein i større grad freiste å få til ein overgang i tilnærming frå «spesialist til generalist».
- Eit verkty for å få til endring, kan vere å freiste å formidle ny kunnskap og forslag til endring og alternative tilnærmingar gjennom utdanningsinstitusjonane.
- Viktig at ein tar i bruk og kommuniserar gjennom (nye) digitale plattformer.
- Det synest å vere store utfordringar knytt til elektronisk meldingsutveksling. Ein opplever at det finst både system som ikkje snakkar i lag, og system som snakkar i lag, men som likevel har utfordringar. Ein må ta i bruk støttesystem som sikrar at kommunane blir tatt med i utviklinga/integreringa.
- For å sikre både kvalitet og effektivitet, er det behov for samordning og heilskapleg tenkning knytt til den einskilde pasientsak i både første- og andrelinjetenesta, og mellom nivåa.
- Det blir uttrykt bekymring for om det i spesialisthelsetenesta vil vere rom for «lengre behandlingsopphald» i framtida knytt til områder som til dømes psykisk helse og rusutfordringar.

### 3. Helse Førdes tilbod til psykisk sjuke pasientar ute i kommunane

#### Bakgrunn:

*I førstelinjetenesta opplever ein å møte utfordringar der ein har behov for meir bistand frå spesialisthelsetenesta. Slike utfordringar kan vere knytt til psykisk helse og rus. Eit verkty for å kunne imøtekomme dette ønsket, kan vere bruk av ambulante team. Innleiarane stiller spørsmål om i kva grad innbyggjarane i fylket får det same tilbodet om ambulante tenester?*

Kommunalsjefane Norunn Stavø (Flora) og Kurt Even Andersen (Førde) innleia til temaet med utgangspunkt i to «pasienthistorier» for å skildre korleis ein opplever situasjonen pr. i dag. Ein reflekterte rundt bruk av tvang, ønske om meir kompetanse, utfordringar for kommunane og freista å peike på moglege arenaer og plattformer for samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Det blir vist til den vedlagde presentasjonen for nærare utdjuping.



## SOGN OG FJORDANE

Direktør for Psykisk helsevern i Helse Førde HF, Børge Tvedt, orienterte frå føretaket sin ståstad i høve til korleis ein driv ambulant verksemd i fylket i høve til menneske med psykiske lidningar, og kva tilbod ein potensielt kan gje «ressurskrevjande brukarar».

Tvedt peika på at ein frå psykisk helsevern si side skal freiste å gje tilbod om heilskapleg behandling der kommunane og spesialisthelsetenesta samhandlar med pasientar og pårørande. Ein vil særskilt prøve å nå dei som ikkje gjer seg nytte av det ordinære behandlingstilbodet, ikkje minst menneske med både rusutfordringar og psykisk lidning. Han peika på at dette tilseier meir ambulant verksemd, og at det er viktig å sikre god samhandling på tvers av forvaltningsnivå og sektorar.

Det blir vist til den vedlagde presentasjonen for nærare utdjuping.

### Diskusjon/refleksjon:

- Frå kommunane si side blir det ytra ønske om meir samarbeid, og at ein må etablere kontakt på eit tidlegare tidspunkt (gjerne ved innlegging).
- Førstelinjetenesta uttrykte behov for å kunne få bistand og veiledning også på ettermiddag/kveld/natt, helg og høgtid.
- Det blir føreslege å sjå nærare på om ein kan freiste å søke prosjektmidlar for å kunne etablere tverrfaglege team som kan operere på tvers av forvaltningsnivåa.
- Det blir sett fram ønske om at ein særskilt freistar å etablere ambulante tilbod for ungdom i delar av fylket som har lang reiseveg til Førde, og der dette nokre gonger gjer at dei ikkje ser ut til å nytte seg av dei etablerte behandlingstilboda.

## 4. Kommunane si plikt i høve øyeblikkeleg hjelp døgntilbod innan psykisk helse og rus

### Bakgrunn:

*Kommunane skal syte for tilbod om døgnoophald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for øyeblikkeleg hjelp. Plikta trådde i kraft 1. januar 2016 for menneske med somatisk sjukdom. Frå 1. januar 2017 skal denne plikta òg gjelde for menneske med psykiske helse- og rusutfordringar.*

Plikta for kommunane til å etablere øyeblikkeleg hjelp døgntilbod for personar med problem knytt til psykisk helse og rus trer i kraft frå 01.01.17. Det er føresett at tilbodet skal etablerast i eit samarbeid mellom kommunane og helseføretaket og at det skal vere regulert i ein eigen avtale mellom partane. Med bakgrunn i dette vart det innleia til temaet av ordførar i Jølster Kommune, Oddmund Klakegg.



## SOGN OG FJORDANE

Børge Tvedt, direktør for Psykisk helsevern i Helse Førde HF, gjorde mellom anna greie for at det ligg føre ein ny rettleiar frå Helseledningsrådet knytt til denne ordninga. Av rettleiaren går det fram at ein reknar med at omfanget blir høvesvis lite, og det blir tilrådd å legge tilbodet til dei øyeblikkeleghjelp-døgntilboda for somatikk som allereie er oppretta. Etter drøfting i koordineringsrådet og KS sine fora har det vore satt ned ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunane og helseføretaket her i fylket. Grappa har vurdert korleis slike tilbod kan etablerast og kva tilstandar/pasientgrupper dei bør omfatte. Dette skjedde før rettleiaren låg føre, men tilrådingane frå arbeidsgrappa er i stor grad samanfallande med rettleiaren.

Det var semje i Koordineringsrådet om å tilrå at tilbodet blir lagt til dei eksisterande KAD-einingane, og at ein må vurdere å supplere med tilsette med utdanning og erfaring frå psykisk helsevern. Koordineringsrådet tilrådde framlegget frå arbeidsgrappa. Det er laga eit forslag til særavtale som blir sendt over til kommunane til behandling, med ei positiv tilråding frå koordineringsrådet. Tvedt orienterte om at ein frå føretaket si side vil komme tilbake til dialog/drøfting i høve særavtalen med kommunane, og dei allereie etablerte kommunale tilboda.

Det blir vist til den vedlagde presentasjonen for nærare utdjuping.

### 5. «Kortnytt» - gjensidig informasjonsutveksling

Fungerande styreleiar i Helse Førde HF, Agnes Landstad, orienterte om at Styret i Helse Førde HF samme dag handsama sak 065/2016 «Modell for bil- og båtambulansetilbodet i område sør» i styremøte 18/11-2016 og gjorde følgjande vedtak:

1. Bilambulansetenesta for kommunane Askvoll og Fjaler vert stasjonert i Dale.
2. Båtambulansetilbod for område sør vert lyst ut på anbod med ein båt i Solund, supplert med kjøp av taxibåttenester eller anna eigna transportkapasitet for Atløy, i tråd med føringar i saksførelegget.
3. Styret ber adm. direktør legge fram ei sak med framlegg til prosess for heile det prehospitalt området i Helse Førde, tilpassa den økonomiske ramma.

### 6. Avslutning

Møteleiar takka for godt møte, og ønskte alle vel heim.